

Referat frå offentleg fellesmøte om Lokal Energiutgreiing for kommunane Vest-Telemark Kraftlag (VTK) og Rauland Kraftforsyningslag (RK) har ansvar for.

Stad og tid: VTK-Bygget i Høydalsmo torsdag 1. mars 2012 kl 11.30-15.00.

Kontaktperson i kommuneadministrasjonen blei kontakta direkte og invitert til det offentlege møtet. Det vart i tillegg invitert til møtet ved lysing i Vest Telemark Blad laurdag 25. februar

Frammøtte: Totalt 16 personar frå heile regionen fordelt på representantar frå Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Tokke og Vinje kommunar. Seljord kommune møtte ikkje. I tillegg møtte ein som privatperson. Lokalpressa representert med Vest-Telemark Blad var til stades.

Møtet blei innleia ved at Aslak Ofte (energisjef i VTK) orienterte om nettselskapet sin rolle i utarbeiding av energiutgreiinga. Håkon Skatvedt frå Norsk Enøk og Energi AS presenterte energiutgreiinga med bakgrunn og konklusjon.

- Gjennomgang av nøkkeltala for kvar kommune.

Felles for alle kommunane:

- Alternative energikjelder
- Nettleige
- Fordeling mellom ulike brukargrupper

Etter dette var det diskusjon og informasjonsutveksling om energiutgreiingane. Utgreiingane er å finne på heimesida til NVE, VTK, RK og kommunane.

I tillegg til energiutgreiinga vart det halde kort innlegg om AMS, nettkapasitet, energistyring/energioppfølging

Krav om energimerking av bygningar som verknadsmiddel til å få fram meir informasjon om energistandarden i bygningar blei teke opp på møtet.

Møteslutt: kl 15.30

Høydalsmo
02.03.2012
Arild Hamre
-referent-